

Hallo i nedslagsfeltet!

Den siste veka har eg hatt vinterferie, noko som har vore fantastisk herleg. Eg har endeleg fått tid til å slappe av å lade batteria. Dei siste vekene har nemleg vore hektiske med mykje på skulefronten og trening som tek ein stor del av kvardagen min.

I det siste har eg også skreve mange artiklar i Sunnmørsposten og Sunnmøringen. Eg har vore ein del av Ung Sport i Sunnmørsposten sidan oktober i fjar. Eg føler eg har lært veldig mykje av å vere ein del av ungdomsredaksjonen, både det å intervju fremmede og skrive artiklar, så klart. I samband med ungdomsredaksjonen møter eg på mange flinke idrettsutdøverar i fylket og i kontakt med dei så får eg ein slags motivasjon til å fortsette sjølv. Så sjølv om det tek litt tid å vere med, er eg med på grunn av at det er kjekt og eg veks på det som person. Kjekk erfaring!



Bilete etter ein artikkelen «Banked Slalom» i Sunnmøringen

Anna enn å trenere og slappe av har eg også (endelig!) tatt trafikkalt grunnkurs. Eg har jo egentlig vore gammal nok sidan i haust, men sidan kursa vanlegvis går etter skuletid på kvardagane har det vore vanskelig å kunne bli med. Men no, ettersom nokon tipsa meg om eit kurs som strekte seg over ei helg på Tandstad skule, vart eg med. Den nest siste dagen var i dag, no manglar eg berre mørkedemonstrasjonen som er på onsdag. Gleder meg til å kunne øvelseskjøre!

I ferien hadde eg også planar om å gå på ski, men til min store fortvilelse er det omtrent umulig å gå ein skitur i området. Riktignok var eg på Fjellsætra på tirsdag for å gå litt i løypene. Med mange frosne elvar som bante seg veg over spora, var skituren ikkje akuratt ein suksess. I det heile har denne vinteren bestått av svært lite langrenn. Ja, utanom Dombås i desember, var den finaste skiopplevinga i år på Sognefjellet i juli og Strandafjellet i oktober. Etter jul har det vore miserable forhold.

Jaja, ein får ta til takke med det ein har, så no har eg bytta ut skiskoa med joggesko, klar for ein tur ut!



*Drømmeforhold og trikkeskinner på fjellsætra ei stund sidan
Mi personlege form: 6,5*

Solveig Beate